

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for oppvekst og omsorg
Møtestad: kommunestyresalen
Møtedato: 15.06.2006 **Tid:** 15.30-16.10

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 6 , inkl. 1 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Geir Markhus
Liv Berit Khadoor

I staden møtte:

Eva Hellevang

Andre som var tilstade på møtet: ass.adm.sjef Våge

Merknader: Audhild Olsnes leia møtet.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 19. juni 2006

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkallinga og saklista vart godkjent.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent

UTVALET SITT KVARTER:

Audhild Olsnes stilte spørsmål om kommunen sendte ut svar til lærarar som har søkt på stilling i kommunen. Ho hadde fått henvendingar frå søkjarar som ikkje hadde fått tilbakemelding på sin søknad. Ass.adm,sjef orienterte om at løn og personal sender ut svarbrev etterkvart som søkjarane tek i mot stillingane på kva stilling som er besett. Tek dette for lang tid må me må vurdere om dette er godt nok.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Ass.adm.sjef orienterte om fylket si tildeling av spelemidlar for 2006.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr.	Tittel
0009/06	06/00092	BALLBINGE, PLASSERING

0009/06

BALLBINGE, PLASSERING

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune ønskjer å plassera ballbinge nr 2 i bustadfeltet på Lønnebakken. Plasseringa er på område regulert til leikeplass, L2, i øvre byggjefelt.

Handsaming i møte:

Eva Hellevang sette fram følgjande framlegg;” Ballbingen vert plassert i budstadorrådet på Lønnebakken, liktlydande tilrådinga frå administrasjonen.”

Vidar Rolland sette fram følgjande framlegg;”

” Primært: Under forutsetning av at det stillast godkjent grunn for ballbingen innan 15 november 2006 blir ballbingen tildelt Eikedalen velforeining. Sekundært blir bingen tildelt Lønnebakken grendalag.”

Det vart røysta alternativt over framlegga. Hellevang sitt framlegg fekk 3 røyster og Rolland sitt fekk 3 røyster. Leiar si dobbeltrøyst vart difor gjeldande og Rolland sitt framlegg vart vedteke.

Vedtak:

Primært: Under forutsetning av at det stillast godkjent grunn for ballbingen innan 15 november 2006 blir ballbingen tildelt Eikedalen velforeining. Sekundært blir bingen tildelt Lønnebakken grendalag.